



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
11.02.2022	21/1221 - 10	2021/17674

**Oversending til Statsforvaltar for klagehandsaming - Vedtak i Austrheim formannskap
Søknad om dispensasjon til frådeling av tomt og til bygging av hytte på gbnr. 165/6 -
Baløyna**

Sender over vedtak frå formannskapet i Austrheim, 3. februar 2022, i sak 008/22. Som det heiter i vedtaket skal saka sendast Statsforvaltar for klagevurdering, så her kjem vedtak med dokumentasjon.

Saka har tidlegare vore til førehandsvurdering hjå Statsforvaltar, sjå dykkar brev av 12. januar 2022, med referanse 2021/17674.

Formannskapet - 008/22:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå reguleringsplan og kommuneplan som omsøkt til frådeling av tomt og til bygging av omsøkt hytte på gbnr. 165/6 på Baløyna.

1. Det er eit vilkår at Vestland fylkeskommune handsamar avkjørselen etter veglova før løyve til frådeling og byggeløyve på hytte kan gjevast.

2. Ålmenta skal kunne bruka tilkomstvegen fritt heile året til sykling og gåing.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 1-8 og 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

*Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til adressaten.
Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.*

Klagen skal sendast skriftleg til den instansen som har fatta vedtaket. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vennleg helsing
Ketil Tjore
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913
Silje Risdal Hjelmtveit	KVERNABEKKVEGEN 110A	5243
Åge Hauge Hjelmtveit	KVERNABEKKVEGEN 110A	5243

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------

Vedlegg:

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.